

H O R D A L A N D !

1.

Ved Nordsjö ligg du, Hordaland, med Björgvin ved ditt moderbryst,
og øy ved øy langs stormjagd kyst, frå Espevær til Fensfjord strand.
Og som eit stormhav - støypt i stein -, med brotsjöskavl og avgrunnsdjup-,
du gjeng mot austen - hovdingglup - der Folgefonna ligg so rein !

2.

Or sogegrunnen gror det enn av fedrakjærleiks hjartesåd !
Ein eld frå Håkons kongedåd i Hordalyden enno brenn !
Me synte klårt vår framtidsleid på Eidsvolls ting , i Karlstad.
Me fylgde "Folkekongen" glad no sist, då det som hardast sveid !

3.

Frå högfjellsvidd til fiskarbud, me finn eit folk i arbeidsdrakt,
med klårsyn til si morgonvakt, og til sin högste herre: Gud !
Då Ódins velde seig i grus, og Kristus folkehjarta vann,
eit soldagstidarskifte rann i skule, heim og kyrkjehus !

4.

Må Ragnhilds draum og Haralds verk få elda opp vår folkesjæl -,
slå "Nesjakongens" ånd i hel, og gjera samhaldstrongen sterkt !
Set norrønt mål i fager stand ! La heimen stå på heilag grunn !
Må ordet i frå Herrens munn få lysa over Hordaland !

Johs. M. L. Rydland.